



Aktiv Consult Vest AS
Saudalen 114
5124 MORVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2072 - 19/22846

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
26.07.2019

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 102/51 Vabø

Tiltak: tlbbygg og fasadeendring
Byggjestad: Gbnr: 102/51
Tiltakshavar: Kjetil Grønsberg
Ansvarleg søkjar: Aktiv Consult Vest AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.07.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon i frå byggjeforbod innafor 100-metersbelte mot sjø, jf. Plan- og bygningslova § 1-8. Vi gjer merksam på at søknad om dispensasjon må vere grunngeve.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan **23.08.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Aktiv Consult Vest AS
Kjetil Grønsberg

Saudalen 114 5124
Løvåsveien 15 5145

MORVIK
FYLLINGSDALEN